

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 2002/15/EF

2005/EØS/16/25

av 11. mars 2002

om organisering av arbeidstida til personar som utfører mobilt arbeid innanfor vegtransport(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 71 og artikkel 137 nr. 2,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽³⁾, på grunnlag av det felles framlegget frå Forliktsutvalet av 16. januar 2002, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I rådsforordning (EØF) nr. 3820/85 av 20. desember 1985 om harmonisering av visse bestemmelser på det sosiale område innen veitransport⁽⁴⁾ er det fastsett felles reglar for køyretid og kviletid for førarar. Denne forordninga omfattar ikkje andre aspekt ved arbeidstida innanfor vegtransport.
- 2) Etter rådsdirektiv 93/104/EF av 23. november 1993 om visse aspekter ved organisering av arbeidstiden⁽⁵⁾ kan det vedtakast nærmare føresegner for organisering av arbeidstida. Ettersom dette direktivet gjeld for ein viss sektor, har føresegnene i dette direktivet førerang framfor direktiv 93/104/EF i medhald av artikkel 14 i det nemnde direktivet.
- 3) Trass i omfattande forhandlingar mellom partane i arbeidslivet har det ikkje vore mogleg å kome fram til ei avtale som gjeld mobile arbeidstakarar innanfor vegtransport.
- 4) For å sikre transporttryggleiken og helsa og tryggleiken til dei personane som det gjeld, må det difor fastsetjast meir spesifikke føresegner om arbeidstida innanfor vegtransport.
- 5) Ettersom måla for det framlagde tiltaket ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane, og difor på grunn av omfanget og verknadene av tiltaket betre kan nåast på

fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje dette direktivet lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla.

- 6) Verkeområdet til dette direktivet omfattar berre mobile arbeidstakarar som er tilsette i transportføretak som er etablerte i ein medlemsstat og tek del i mobilt arbeid innanfor vegtransport som er omfatta av forordning (EØF) nr. 3820/85, eller om denne ikkje kan nyttast, av den europeiske avtala om køyre- og kviletid m.v. for mannskap på køyretøy i internasjonal vegtransport (AETR).
- 7) Det bør presiserast at mobile arbeidstakarar som ikkje er omfatta av verkeområdet til dette direktivet, og som ikkje er sjølvstendig næringsdrivande førarar, er omfatta av det grunnleggjande vernet som er fastsett i direktiv 93/104/EF. Dette grunnleggjande vernet omfattar dei eksisterande reglane for tilstrekkeleg kvile, lengste gjennomsnittlege arbeidstid per veke, årleg ferie og visse grunnleggjande føresegner for nattarbeidarar, medrekna helsekontroll.
- 8) Då sjølvstendig næringsdrivande førarar er omfatta av verkeområdet til forordning (EØF) nr. 3820/85, men ikkje av verkeområdet til direktiv 93/104/EF, bør dei utelatast mellombels frå verkeområdet til dette direktivet i samsvar med føresegnene i artikkel 2 nr. 1.
- 9) Definisjonane som er nytta i dette direktivet, kan ikkje skape presedens for andre fellesskapsføresegner om arbeidstid.
- 10) For å betre trafikktryggleiken, hindre konkurransevriding og sikre tryggleiken og helsa til mobile arbeidstakarar som er omfatta av dette direktivet, bør dei sistnemnde vite nøyaktig kor stor del av den tida som går med til transportverksemd på veg som er arbeidstid, og kor stor del av denne tida som ikkje er det og følgjeleg vert rekna som pausar, kviletid eller periodar då arbeidstakaren er tilgjengeleg. Desse arbeidstakarane bør ha rett til minstepperiodar for døgnkvil og vekekvil, og til høvelege pausar. Det er òg naudsynt å fastsetje ei øvre grense for talet på arbeidstimar per veke.
- 11) Forskinga har synt at menneskekroppen er meir følsam for uro i omgjevnadene og dessutan for visse slitsame former for organisering av arbeidet om natta, og at lange periodar med nattarbeid kan vere skadeleg for helsa til arbeidstakarane og kan setje tryggleiken deira og den allmenne trafikktryggleiken i fare.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 80 av 23.3.2002, s. 35, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 50/2003 av 16. mai 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 39 av 31.7.2003, s. 16.

(1) TEF C 43 av 17.2.1999, s. 4.

(2) TEF C 138 av 18.5.1999, s. 33.

(3) Europaparlamentsfråsegn av 14. april 1999 (TEF C 219 av 30.7.1999, s. 235), stadfesta 6. mai 1999 (TEF C 279 av 1.10.1999, s. 270), felles haldning frå Rådet av 23. mars 2001 (TEF C 142 av 15.5.2001, s. 24) og europaparlamentsavgjerd av 14. juni 2001 (enno ikkje offentliggjord i TEF). Europaparlamentsavgjerd av 5. februar 2002 og rådsavgjerd av 18. februar 2002.

(4) TEF L 370 av 31.12.1985, s. 1.

(5) TEF L 307 av 13.12.1993, s. 18. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/34/EF (TEF L 195 av 1.8.2000, s. 41).

- 12) Følgjeleg bør periodane med nattarbeid avgrensast, og det må fastsetjast at førarar som utfører nattarbeid, bør få tilstrekkeleg kompensasjon for arbeidet som dei utfører, og at dei ikkje vert dårlegare stilte enn andre når det gjeld høve til å få opplæring.
- 13) Arbeidsgjevarar bør føre eit register over tilfelle der den øvre grensa for gjennomsnittleg arbeidstid per veke for mobile arbeidstakarar vert overskriden.
- 14) Føresegnene i forordning (EØF) nr. 3820/85 om køyretid i internasjonal og innanlands persontransport, bortsett frå rutetraffikk, bør halde fram med å gjelde.
- 15) Kommisjonen bør overvake gjennomføringa av dette direktivet og utviklinga på dette området i medlemsstatane, og leggje fram for Europaparlamentet, Rådet, Økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet ein rapport om korleis føresegnene vert nytta, og om følgjene av dei føresegnene som gjeld nattarbeid.
- 16) Det må fastsetjast at medlemsstatane eller partane i arbeidslivet, alt etter korleis det høver, kan få unntak frå visse føresegner som er vedtekne. Som ein allmenn regel ved eventuelle unntak bør dei arbeidstakarane som det gjeld, få kompensasjon i form av kviletid —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Føremål

Føremålet med dette direktivet er å fastsetje minstekrav med omsyn til organisering av arbeidstida med sikte på å betre vernet av helsa og tryggleiken til personar som utfører mobil arbeid innanfor vegtransport, og å betre trafikktryggleiken og få i stand ei ytterlegare tilnærming av konkurransevilkåra.

Artikkel 2

Verkeområde

1. Dette direktivet skal nyttast på mobile arbeidstakarar som er tilsette av føretak som er etablerte i ein medlemsstat og tek del i transportverksemd på veg som er omfatta av forordning (EØF) nr. 3820/85, eller om denne ikkje kan nyttast, av AETR-avtala.

Dette direktivet skal nyttast på sjølvstendig næringsdrivande førarar frå 23. mars 2009, utan at det rører ved føresegnene i det neste leddet.

Kommisjonen skal seinast to år før denne datoen leggje fram ein rapport for Europaparlamentet og Rådet. Denne rapporten skal gje ein analyse av kva følgjer det har for trafikktryggleik, konkurransevilkår, yrkesstruktur og sosiale aspekt at sjølvstendig næringsdrivande førarar ikkje er omfatta av verkeområdet til direktivet. Det skal takast omsyn til tilhøva i kvar medlemsstat med omsyn til strukturen i transportindustrien og arbeidsmiljøet innanfor vegtransportyrket. På grunnlag av denne rapporten skal Kommisjonen gjere eit framlegg som tek sikte på anten

- å fastsetje vilkåra for at sjølvstendig næringsdrivande førarar skal omfattast av verkeområdet til direktivet med omsyn til visse førarar som er sjølvstendig næringsdrivande og som ikkje utfører arbeid innanfor vegtransport i andre medlemsstatar, og som av objektive grunnar er underlagde lokale hindringar, t.d. avsidesliggjande plassering, lange avstandar innanlands og eit særleg konkurranseprega miljø, eller
 - å fastsetje at sjølvstendig næringsdrivande førarar ikkje skal omfattast av verkeområdet til direktivet.
2. Føresegnene i direktiv 93/104/EF skal nyttast på mobile arbeidstakarar som ikkje er omfatta av verkeområdet til dette direktivet.
 3. I den grad dette direktivet inneheld meir spesifikke føresegner med omsyn til mobile arbeidstakarar som utfører arbeid innanfor vegtransport, skal desse føresegnene i medhald av artikkel 14 i direktiv 93/104/EF ha førerang framfor dei relevante føresegnene i det nemnde direktivet.
 4. Dette direktivet utfyller føresegnene i forordning (EØF) nr. 3820/85, og der det er naudsynt, i AETR-avtala, som har førerang framfor føresegnene i dette direktivet.

Artikkel 3

Definisjonar

I dette direktivet tyder

a) «arbeidstid»

1. for mobile arbeidstakarar: perioden frå arbeidet byrjar til arbeidet sluttar, medan den mobile arbeidstakaren er på arbeidsplassen sin, er tilgjengeleg for arbeidsgjevaren og utfører oppgåvene sine eller verksemda si, dvs.:
 - den tida som går med til all transportverksemd på veg. Slik verksemd omfattar særleg:
 - i) køyring,
 - ii) lasting og lossing,
 - iii) hjelp til passasjerane i samband med på- og avstiging frå køyretøyet,
 - iv) reingjering og teknisk vedlikehald,
 - v) alt anna arbeid som har til føremål å sikre tryggleiken til køyretøyet, lasta og passasjerane, eller å stette lov- eller forskriftsmessige plikter som har direkte samband med den transporten som finn stad, medrekna tilsyn med lasting og lossing, administrative formalitetar med politi-, toll- og immigrasjonsstyresmakter osv,
 - periodane då den mobile arbeidstakaren ikkje kan disponere tida si fritt og må vere på arbeidsplassen sin, klar til å utføre det vanlege arbeidet sitt, og der han eller ho utfører visse særskilte arbeidsoppgåver som har samband med tenesta, særleg periodar med ventetid i samband med lasting og lossing når det ikkje er kjent på førehand kor lenge dette kan ventast å vare, dvs. anten før avreise eller rett før den aktuelle perioden faktisk tek til, eller på dei allmenne vilkåra som er fastsette etter forhandlingar mellom partane i arbeidslivet og/eller på dei vilkåra som er fastsette i lovgjevinga i medlemsstatane,

2. for sjølvstendig næringsdrivande førarar skal den same definisjonen nyttast på perioden frå arbeidet byrjar til arbeidet sluttar, medan den sjølvstending næringsdrivande føraren er på arbeidsplassen sin, er tilgjengeleg for kunden og utfører oppgåvene sine eller verksemda si, bortsett frå generelle administrative oppgåver som ikkje har direkte samband med den aktuelle transporten som vert utført.

Arbeidstida skal ikkje omfatte pausane som er nemnde i artikkel 5, kviletidene som er nemnde i artikkel 6, og utan at det rører ved lovgjeving i medlemsstatane eller avtaler mellom partane i arbeidslivet der det er fastsett at slike periodar bør kompenseras eller avgrensast, periodane då arbeidstakaren er tilgjengeleg slik det er nemnt i bokstav b) i denne artikkelen.

- b) «periodar då arbeidstakaren er tilgjengeleg»
- andre periodar enn pausar og kviletid, der det ikkje krevst at den mobile arbeidstakaren oppheld seg på arbeidsplassen sin, men at han eller ho er tilgjengeleg og eventuelt kan oppmodast om å ta på seg eller halde fram med køyringa eller om å utføre anna arbeid. Slike periodar då arbeidstakaren er tilgjengeleg, skal omfatte periodar då den mobile arbeidstakaren reiser saman med eit køyretøy som vert frakta med ferje eller med tog, ventetid ved grenser og ventetid som følgje av trafikkforbod.
 - Desse periodane skal vere kjende for den mobile arbeidstakaren på førehand, og det skal òg vere kjent for han eller henne kor lenge dei kan ventast å vare, dvs. anten før avreise eller rett før den aktuelle perioden faktisk tek til, eller på dei allmenne vilkåra som er fastsette etter forhandlingar mellom partane i arbeidslivet og/eller på dei vilkåra som er fastsette i lovgjevinga i medlemsstatane,
 - for mobile arbeidstakarar som køyrer fleire i følgje, tida då han eller ho oppheld seg ved sida av føraren eller i ei køye medan køyretøyet er i rørsle,
- c) «arbeidsplass»
- staden der det føretaket som personen som utfører mobilt arbeid innanfor vegtransport for, har hovudføretaket sitt, medrekna ulike underføretak, utan omsyn til om desse har same adresse som hovudkontoret eller hovudføretaket,
 - køyretøyet som den personen som utfører mobilt arbeid innanfor vegtransport, nyttar til å utføre oppgåvene sine, og
 - alle andre stader der det vert utført arbeid som har samband med transporten,
- d) «mobil arbeidstakar» alle arbeidstakarar som er ein del av det reisande personalet, medrekna praktikantar og lærlingar, og som er tilsette av eit føretak som driv person- eller godstransport på veg for eiga eller for ein annans rekning,
- e) «sjølvstendig næringsdrivande førar» alle som har som si viktigaste yrkesverksemd å drive person- eller godstransport på veg for eiga eller for ein annans rekning, slik det er definert i regelverket til Fellesskapet,

i medhald av ein fellesskapslisens eller anna løyve til å drive yrkesverksemd for å utføre slik transport, som har rett til å arbeide for seg sjølv, som ikkje er knytt til ein arbeidsgjevar gjennom ei arbeidsavtale eller andre former for underordna arbeidstilhøve, som fritt har høve til å organisere den aktuelle yrkesverksemda si, som har ei inntekt som er direkte avhengig av fortjenesta av arbeidet, og som står fritt til å ha handelssamband med fleire kundar, individuelt eller gjennom samarbeid med andre sjølvstendig næringsdrivande førarar.

Før føremåla med dette direktivet skal førarar som ikkje stettar desse kriteria, ha dei same pliktene og rettane som dei som er fastsette for mobile arbeidstakarar ved dette direktivet.

- f) «person som utfører mobilt arbeid innanfor vegtransport» alle mobile arbeidstakarar eller sjølvstendig næringsdrivande førarar som utfører slikt arbeid,
- g) «veke» perioden mellom måndag kl. 00.00 og søndag kl. 24.00,
- h) «nattid» alle periodar på minst fire timar, slik det er definert i nasjonal lovgjeving, mellom kl. 00.00 og kl. 07.00,
- i) «nattarbeid» alt arbeid som vert utført på nattid.

Artikkel 4

Øvre grense for arbeidstid per veke

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at

- a) den gjennomsnittlege arbeidstida per veke ikkje overstig 48 timar. Den øvre grensa for arbeidstid per veke kan utvidast til 60 timar berre dersom den gjennomsnittlege arbeidstida per veke ikkje utgjer meir enn 48 timar i ein periode på fire månader. Artikkel 6 nr. 1 fjerde og femte leddet i forordning (EØF) nr. 3820/85 eller, der det er naudsynt, artikkel 6 nr. 1 fjerde leddet i AETR-avtala, skal ha førerang framfor dette direktivet, på det vilkåret at dei aktuelle førarane ikkje arbeider meir enn 48 timar i gjennomsnitt per veke i ein periode på fire månader,
- b) dersom det vert utført arbeid for fleire arbeidsgjevarar, skal arbeidstida reknast som summen av arbeidstimane. Arbeidsgjevaren skal be den mobile arbeidstakaren skriftleg om ei oversikt over dei timane som han eller ho har arbeidd for ein annan arbeidsgjevar. Den mobile arbeidstakaren skal leggje fram desse opplysningane skriftleg.

Artikkel 5

Pausar

1. Utan at det rører ved det vernnivået som er fastsett ved forordning (EØF) nr. 3820/85, eller dersom denne ikkje kan nyttast, ved AETR-avtala, skal medlemsstatane gjere dei tiltaka som er naudsynte for å syte for at personar som utfører mobilt arbeid innanfor vegtransport, utan at dette rører ved artikkel 2 nr. 1, under ingen omstende arbeider meir enn seks timar samanhengande utan pause. Arbeidet skal avbrytast med ein pause på minst 30 minuttar dersom den samla arbeidstida utgjer mellom seks og ni timar, og på minst 45 minuttar dersom den samla arbeidstida utgjer meir enn ni timar.

2. Pausane kan delast opp i periodar på minst 15 minuttar kvar.

Artikkel 6

Kviletid

For føremåla med dette direktivet skal praktikantar og lærlingar vere omfatta av dei same føresegnene om kviletid som andre mobile arbeidstakarar i medhald av forordning (EØF) nr. 3820/85, eller om denne ikkje kan nyttast, av AETR-avtala.

Artikkel 7

Nattarbeid

1. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at:

- dersom det vert utført nattarbeid, skal den daglege arbeidstida ikkje overstige ti timar per periode på 24 timar,
- kompensasjon for nattarbeid vert gjeven i samsvar med nasjonal lovgjeving, tariffavtaler, avtaler mellom partane i arbeidslivet og/eller nasjonal praksis, på det vilkåret at slik kompensasjon ikkje kan utgjere ein fare for trafikktryggleiken.

2. Kommisjonen skal innan 23. mars 2007 og innan rammene av den rapporten som han skal utarbeide i samsvar med artikkel 13 nr. 2, vurdere følgjene av dei føresegnene som er fastsette i nr. 1 i denne artikkelen. Dersom det er naudsynt, skal Kommisjonen gjere høvelege framlegg saman med den nemnde rapporten.

3. Kommisjonen skal gjere framlegg til eit direktiv som inneheld føresegner om yrkesopplæring av førarar, medrekna førarar som utfører nattarbeid, der det òg vert fastsett allmenne prinsipp for slik opplæring.

Artikkel 8

Unntak

1. Unntak frå artikkel 4 og 7 kan av objektive eller tekniske grunnar eller grunnar som er knytte til organiseringa av arbeidet, vedtakast gjennom tariffavtaler, gjennom avtaler mellom partane i arbeidslivet eller dersom dette ikkje er mogleg, gjennom lover og forskrifter, på det vilkåret at det finn stad konsultasjonar mellom representantar for dei arbeidsgjevarane og arbeidstakarane som det gjeld, og at det vert gjort freistnader på å fremje alle relevante former for dialog mellom partane i arbeidslivet.

2. Høvet til å gjere unntak frå artikkel 4 må ikkje føre til at det vert fastsett ein referanseperiode som overstig seks månader for utrekning av den øvre grensa for gjennomsnittleg arbeidstid per veke på 48 timar.

Artikkel 9

Informasjon og register

Medlemsstatane skal syte for at

- a) mobile arbeidstakarar skal få informasjon om dei gjeldande nasjonale krava, om dei interne reglane i føretaket og

om avtalene mellom partane i arbeidslivet, særleg om tariffavtaler og eventuelle avtaler mellom føretak som er gjorde på grunnlag av dette direktivet, utan at det rører ved føresegnene i rådsdirektiv 91/533/EF av 14. oktober 1991 om arbeidsgiverens plikt til å informere arbeidstakeren om vilkårene i arbeidsavtalen eller arbeidsforholdet⁽¹⁾,

- b) arbeidstida for personar som utfører mobilt arbeid innanfor vegtransport, vert registrert, utan at det rører ved artikkel 2 nr. 1. Registra skal forvarast i minst to år etter utgangen av den aktuelle perioden. Arbeidsgjevarane skal ha ansvaret for å registrere arbeidstida til mobile arbeidstakarar. Arbeidsgjevarane skal på oppmoding syte for at mobile arbeidstakarar får ein kopi av registeret over desse arbeidstimane.

Artikkel 10

Gunstigare føresegner

Dette direktivet skal ikkje røre ved den retten som medlemsstatane har til å nytte eller innføre lover eller forskrifter som er gunstigare for vern av helsa og tryggleiken til personar som utfører mobilt arbeid innanfor vegtransport, eller til å fremje eller tillate bruken av tariffavtaler eller avtaler som er gjorde mellom partane i arbeidslivet som er gunstigare for vern av helsa og tryggleiken til mobile arbeidstakarar. Gjennomføringa av dette direktivet skal ikkje danne eit gyldig grunnlag for å redusere det allmenne nivået for vern av dei arbeidstakarane som er nemnde i artikkel 2 nr. 1.

Artikkel 11

Sanksjonar

Medlemsstatane skal fastsetje ei sanksjonsordning for brot på dei nasjonale føresegnene som er vedtekne i medhald av dette direktivet, og skal gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at desse sanksjonane vert nytta. Dei fastsette sanksjonane skal vere verknadsfulle, svare til brotet og hindre nye brot.

Artikkel 12

Forhandlingar med tredjestatar

Straks dette direktivet har teke til å gjelde, skal Fellesskapet innleie forhandlingar med dei tredjestatane som det gjeld, med sikte på at reglar som svarar til dei som er fastsette i dette direktivet, kan nyttast på mobile arbeidstakarar som er tilsette i føretak som er etablerte i ein tredjestat.

Artikkel 13

Rapportering

1. Medlemsstatane skal annakvart år leggje fram for Kommisjonen ein rapport om gjennomføringa av dette direktivet, og skal samstundes gje opplysningar om synspunkta til partane i arbeidslivet. Rapporten må vere Kommisjonen i hende seinast 30. september etter utgangen av den toårsperioden som rapporten omfattar. Toårsperioden skal vere den same som den som er nemnd i artikkel 16 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 3820/85.

(¹) TEF L 288 av 18.10.1991, s. 32.

2. Kommisjonen skal annakvart år utarbeide ein rapport om gjennomføringa i medlemsstatane av dette direktivet og om utviklinga på det aktuelle området. Kommisjonen skal sende over denne rapporten til Europaparlamentet, Rådet, Økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet.

Artikkel 14

Slutføresegner

1. Medlemsstatane skal innan 23. mars 2005 vedta dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, eller dei skal syte for at partane i arbeidslivet seinast denne datoen har fastsett dei tiltaka som er naudsynte ved avtale, ettersom medlemsstatane pliktar å gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for at dei til kvar tid skal kunne garantere dei resultata som krevst ved dette direktivet.

Når dei føresegnene som er nemnde i første leddet, vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal syte for at teksta til dei internrettslege føresegnene som dei alt har vedteke eller som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar, vert send til Kommisjonen.

3. Medlemsstatane skal syte for at avsendarar, avskiparar, speditørar, hovud- og underleverandørar og føretak som har mobile arbeidstakarar i arbeid, stettar dei relevante føresegnene i dette direktivet.

Artikkel 15

Iverksetjing

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellelesskapa*.

Artikkel 16

Adressatar

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 11. mars 2002.

For Europaparlamentet

P. COX

President

For Rådet

J. PIQUÉ I CAMPS

Formann